

---

**Fra:** Olav Bjørn Lygre <olav.bjorn.lygre@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 15. mai 2018 21:53  
**Til:** Byggesak Lindås  
**Emne:** Kaien på Lygra grn/brn 58/14 - status på tilgrensande tiltak  
**Vedlegg:** før.jpg; etter.jpg

Til Lindås kommune ved byggesak

Styret i Lygra Kai og Grunneigarlag som eig kaien på Lygra (som eit realsameige mellom 18 partar) viser til tidlegare korrepondanse i sak om søknad om dispensasjon for å bygge opp att bryggjehuset på kaien på Lygra grn/brn 58/14.

Vedlagt bilete slik det var før bryggjehuset vart reve.

Eigaren av meieret (grn/brn 58/81), Aage Vagleik Nyhammar, har i brev til laget sett spørsmål om gjenoppføring av denne bygningen og meiner at det tiltaket vil kome i konflikt med oppført altan på meieribygget. Det dreier seg om nedløp av takrenner mm og forsåvidt brannfare osv som vil kome i konflikt med gjenoppføring av bryggjehuset. Han ynskjer av desse og andre grunnar at bygget vert flytta lenger bak på kaien. Opphavelag var det ikkje altan på dette bygget. I utgangspunktet ynskjer Nyhammar at bryggjehuset ikkje vert sett opp att.

Før me går vidare med denne saka vil me ha avklart status for denne altanen. Me har no gått i gjennom korrepondanse frå eigar av meieribygget /kommunen om nabovarsel for denne altanen og kan ikkje sjå at me har fått skriftleg varsel om oppføring av nemnde altan på dette bygget. Tidlegare formenn for laget er heller ikkje kjent med dette. Me oppfattar at ei slikt tiltak vil kreve byggesøknad og dispensasjonsvedtak før slikt arbeid kan setjast i gang og at laget i denne samanheng vil rett på nabovarsel. Altanen vart sett opp rundt 1990, og den går inn over naboeigedommen (kaien). Der er vel også bruksendring da det er det gamle ishuset som er ombygd.

I tillegg er fasade på kaihuset endra ved at det er sett opp dobbeldør på meieriet. Dette arbeidet er gjennomført i 2017/2018 og me kan ikkje sjå at vi har motteke nabovarsel på dette tiltaket. Slik me forstår regelverket er fasadeendring søknadspliktig. Sjå bilete før og etter.

Vidare vil vi at kommunen gjer opp status for kloakkløsning på dette bygget og kva krav kommunen har sett til avløp, septik og rensing av kloakken. Slik me oppfattar status pr idag, så går kloakk rett ut i sjø ved kaien.

Før Lygra Kai og Grunneigarlag tek standpunkt til gjenoppføring av bryggjehuset med alle dei kostnader, søknader og prosesser med full byggesakshandsaming dette inneber, så ynskjer laget at kommunen gjer opp status på dei tre sakene vi har teke opp i dette brevet.

Ta kontakt om de treng meir informasjon

Med helsing  
Olav Bjørn Lygre  
for styret i Lygra Kai og Grunneigarlag  
mbl 47407570